



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for opplæring**

Møtedato: 28.05.2019

Sak nr.: 19/584-4
Internt l.nr. 29127/19

Sak: 8/19

Tittel: **Skriv og meldingar HO 28.05.19 - oppdatert**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Følgjande skriv vart handsama:

1. Orientering om arbeidet med å få på plass ein Akvakulturhall ved Måløy vidaregåande skule
- 1a. Studietur til Strand vidaregåande skule
- 2: Godkjent årsmelding NDLA 2018
3. Årsmelding Vigo IKS
4. Endeleg tilsynsrapport felles nasjonalt tilsyn 2018 - tema skolemiljø. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hafstad vgs
- 4a. Sogn og Fjordane fylkeskommune - tilsynsrapport
5. Mogleg utviding/omlegging av YSK-tilbodet ved Måløy vgs

VEDTAK:

Hovudutvalet syner til initiativ frå næringsliv i Måløy og andre stader i fylket om å få lagt til rette meir skreddarsydde utdanningsløp med tett samarbeid mellom skule og næringsliv, knytt til sterke næringslivsklynger i fylket med stort behov for rekruttering.

Hovudutvalet ber om ei orientering i neste møte om arbeidet med framtidig tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune, der ein også får ei vurdering av YSK-modellen og kostnader med denne – ev. korleis næringslivet sine innspel kan imøtekomaast gjennom andre modellar.

6. Temadag fag- og yrkesopplæring
7. Endringar i møteplan for hovudutvalet for opplæring 2019
- 7a. Konstituering av Vestland fylkesting og funksjonsperioden for Sogn og Fjordane fylkesting
8. HøyringNOU 2019:3 Nye sjansar- betre læring (Stoltenbergutvalet)

VEDTAK:

Hovudutvalet ber om at følgjande innspel vert sendt til Kunnskapsdepartementet:

Det er vesentleg at dei endringane ein eventuelt vel å gjere innanfor karaktersetting i norskfaget, ikkje gjer sidemål mindre viktig, svekker kvaliteten på undervisinga eller gjer det lettare å prioritere ned.

Hovudutvalet for opplæring i Sogn og Fjordane merkar seg at ein utvalet i kapittel 12.2 «Kvalitetsutvikling i barnehage og grunnopplæring» har som eit tilrådd tiltak å «opprette et nasjonalt senter for kunnskapsformidling som skal oppsummere utdanningsforskning, formidle kjennetegn på virkningsfull praksis, og utvikle og forvalte et utdanningsbibliotek for praksisfeltet.»

Vi vil peike på at Sogn og Fjordane over tid har utmerka seg med svært gode resultat innanfor grunnskulen. Det har endå til har vore eige forskingsprosjekt for å finne grunnen til det. Ut frå det, og det gode fagmiljøet og samarbeidet med kommunane, som er kring lærarutdanninga i Sogndal/Høgskulen på Vestlandet, vil vi tillate oss å peike på HVL som svært aktuelle for å ta ei slik oppgåve.

9. Søknad om støtte til Operasjon Dagsverk

9a. Budsjett 2019

9b. Rekneskap 2018

VEDTAK:

Hovudutvalet for opplæring ønskjer å imøtekommme søknaden om kr 20.000,- i støtte til Operasjon Dagsverk. Fylkesrådmannen får i oppdrag å omdisponere midlar i sektoren til dette.

10. IKT lærepassar Måløy vidaregåande skule